



Illustrasjon: Grete Sømmer

infeksjon som tilseier slik behandling. Om feberen skuldast ein virusinfeksjon, vil ikkje antibiotikabehandling hjelpe på plagene eller gjere barnet fortare friskt. I tillegg kan antibiotika gje ekstra plagar for det sjuke barnet, til dømes diaré og oppkast.

### Slik kan du hjelpe barnet ditt

Det viktigaste er å lindre ubehaget til barnet medan kroppen sjølv tar hand om infeksjonen. La barnet sjølv få bestemme aktivitetsnivået sitt.

- Gje rikeleg med drikke.
- Om barnet er plaga av feberen, kan du gje febernedsetjande middel (til dømes paracetamol, følg instruksjonen på pakka nøye). Barnet blir ikkje fortare friskt om det får febernedsetjande medisinar. Om barnet har det bra, er ikkje febernedsetjande middel nødvendige.
- Det kan hjelpe at barnet har lett påkledning (utan å fryse) og at romtemperaturen er sval.
- Ved høg feber bør du sjå til barnet ditt minst éin gong i løpet av natta og observere allmenntilstanden, om barnet har utslett og om det kastar opp.

Det er viktigare å observere allmenntilstanden til barnet enn temperaturen!

Kontakt lege på nytt om noko av følgjande skjer:

- Barnet verkar svært medtatt.
- Det er vanskeleg å få kontakt med barnet.
- Barnet har utslett som ikkje forsvinn når eit glas blir trykt mot huda.
- Barnet har stiv nakke.
- Barnet har vondt for å puste eller pusten er veldig rask.
- Barnet ikkje greier å drikke.
- Feberen ikkje går ned etter to-tre dagar.

I dei 6 første levemånadene til barnet kan det vere vanskeleg å vurdere allmenntilstanden. Ver meir merksam på symptoma over og på feber. Kontakt lege om du er i tvil.

### Antibiotikabruk hos barn

Antibiotika er viktige og effektive medisinar i behandling av infeksjonar som skuldast bakteriar. Uriktig bruk av antibiotika kan føre til utvikling av resistente bakteriar. Det vil seie at antibiotikabehandling ikkje lenger har effekt på desse bakteriane.

### Kva er feber?

Barn har feber når temperaturen er over 38° (målt i endetarmen). Feber er ikkje ein sjukdom i seg sjølv. Feber er kroppen sin reaksjon på infeksjonar og andre sjukdomar, og han hjelper kroppen å kjempe mot desse. Barn får lettare feber enn vaksne, og høg feber treng ikkje bety at barnet er veldig sjukt. Både bakterie- og virusinfeksjonar kan gje feber. Virusinfeksjon er mest vanleg.

### Er behandling med antibiotika nødvendig?

Barn tolerer som regel feber godt, og feberen går oftast over av seg sjølv. Antibiotikabehandling er berre nødvendig om legen finn ein bakterie-

### Kva betyr antibiotikaresistens for behandling av alminnelege luftvegsinfeksjonar hos barn?

Antibiotikaresistente bakteriar er eit aukande problem. Utanfor sjukehus blir det brukt mykje antibiotika til behandling av luftvegsinfeksjonar, spesielt hos barn. For å behalde antibiotika som effektive medisinar, er det viktig å avgrense feilaktig bruk av antibiotika i behandling av slike infeksjonar.

Er du i tvil om barnet ditt har ein infeksjon som må behandlast med antibiotika eller andre legemiddel, skal du ta kontakt med lege. Legen vil også bidra med råd om korleis du best kan lindre plagene til barnet til infeksjonen går over.

### Antibiotika verkar ikkje på virus

Antibiotika verkar ikkje på virus. Virus er årsaka til dei aller fleste halsbetennelsar, øyrebetennelsar og biholebetennelsar og alle forkjølingar. Kroppen kjempar normalt mot slike virusinfeksjonar på eiga hand. Antibiotika har inga effekt på virus og fører heller ikkje til lindring av plagene til barnet.

Også mange bakterielle infeksjonar går over av seg sjølve utan bruk av antibiotika. Ved dei fleste infeksjonar er det tilrådd å sjå situasjonen an i 2-3 dagar.

### Når antibiotika er nødvendig

Når legen har vurdert at barnet har ein infeksjon som må få behandling med antibiotika, er det viktig at heile kuren blir gjennomført slik legen har bestemt. Om barnet ikkje fullfører antibiotikakuren, vil berre nokre av bakteriane bli utrydja. Dei meir motstandsdyktige vil kunne overleve, formeire seg og bli fleire.